

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2012

Tragedien på Skretting

Side 2-4

Slektstevne på Iden

Side 8-9

Jærteff i Varhaughallen

Side 14-15

Elgane

Side 20-21

4H

Side 24-25



Jærmessa

side 19 og 28-31



Varig og verdig minnelund. Erik T. Skretting har brukt steinar frå området. Sjølv minnesteinen fann han attmed bekken der eksplosjonen fann stad.

15.juni 1948:

Tragedien på Skretting

Ei vond og svært dramatisk hending knyter seg til den nye minnesteinen som står i vegkanten ved Sjoarskjelda på Skretting. To unge gutar, 10 år gamle Stein Skretting og 16 år gamle Johan Skretting omkom 15. juni 1948 då ei tysk antipersonell-mine eksploderte.

Artikkelforfattar: Sjur Håland

Det var ein av desse fine før-sommardagane på Varhaug. Høg, blå himmel og varmande sol. Lufta anga av nyslått og tørkande gras. Graset på hesjene vitna om onne-tid og hektiske dagar på Skretting-gardane. Denne dagen var det stilt på kjelvene og i tuna. Folk skulle i gravferd. Det var dagen for avskil med to unge gutar.

Gravferda

Nedover Skrettingbrotet skritta prosesjonen. Ingen i den mørkkledde, lange rekka i gravfølgjet kjende sola som vermde eller høyet som anga. Tre arbeidshestar som normalt skulle drege sleperiva eller slåmaskinen

hadde eit anna ærend. Hestane drog kvar si finpynta kjerre. På dei to første kjerrane stod kvitmåla kister, Johan Skretting sitt følgje gjekk fremst, deretter følgde gravfølgjet til Stein. Tredje vogna var full av kransar og bærebukettar frå naboar, nabogardar og bygdefolk.

Varhaugbygda stod stilt medan gravfølgjet fór fram. Frå flagstengene hang flagga på halv stang. Prosesjonen tok vegen om Kydland, via Toppaland og enda framføre porten ved kyrkja på Odland. Kistene vart løfta av kjerrane med sterke armar. Berrhovda og med bøygde nakkar bar dei næraste kistene inn i kyrkja. Soknepresten, Zakarias Johan Brekke, hadde truleg ei av dei tyngste oppgåvene nokon gong framføre seg.



Stein Skretting var son til Anna og Erik Skretting. Han vart berre 10 år gammal. Merket med det norske flagget på jakkekragen var eit gledesymbol på at freden var komen og krigen slutt. Men Stein skulle bli nok eit meningslaust offer for krigen – tre år etter fredsvåren i 1945.



Borna til Berta og Bendiks Skretting fotograferte på trammen heime. Anna sit i midten flankert av brørne Johan til venstre og Abraham. Johan var 16 år gammal då han omkom i Gitlemarka 15. juni 1948.



Erik T. Skretting kjenner løyndommane og har kunnskapen og ferdigheitene som skal til for å arbeide med stein som materiale. Denne jobben var spesiell. Erik T. var 5 år gammal og nabo til Gitlemarka. Inntrykka frå dødsulukka og dagane etter, gløymer han aldri.

Han stod med svart kjole og kvit krage med ryggen til alteret, og såg med fortvila augo utover kyrkja som var stuvande full av sørgjande. Mest truleg kjende han seg hjelpelaus. Kanskje bad han stilt sin Herre og Meister om mot til å handtere motløysa og meningsløysa, medan lyden frå dei tunge slaga mot kyrkjeklokka på Odland lydde.

To graver var kasta opp på utsida, rett ved den nordre langsida av kyrkja. To nye unge uskuldige av den talause rekka av uskuldige offer for Andre verdskrigen skulle jordfestast.

Minnesteinen

- Det var Anna Opstad (f. Skretting), syster til Johan sin ide, seier kunstnaren bak minnesteinen, Erik T. Skretting. Arbeidet med minnesteinen, steinbordet og "stolane" – saman med ryddinga av tomte som høyrer til hennar gard, er gjort i samråd med Anna. Ho set stor pris på at han har bidrege til å ære minnet etter dei to på denne måten. Han har i tillegg planta i juletre og får disponere området så lengje han ønskjer.

Vi står ved minnesteinen attmed bordet og stolane av stein som bonden og stein-entusiasten Erik T. har meisla ut og sett på plass. Erik T. peikar sørover og vi ser ned mot Skrettingsbekken og området som blir kalla Gitlemarka. - Der var det det skjedde, seier Eirik

T. Han peikar mot eit punkt ved bekken der det står eit par store villbuskar.

Tragedien

Erik T. var 5 år gammal tysdag den 15. juni 1948. Minna har brent seg fast. - Johan stod ved bekken og vaska jutesekker. Sekkene hadde vore brukt til 100 kg kali-gjødsel, og skulle nyttast til andre føremål, gjenbruk var gjennomført praksis på den tida. Sekkene hengde 16-åringen til tørk på steingarden attmed vaskeplassen. To andre gutar, 10 år gamle Stein Skretting og Asbjørn L. Skretting på 9 år, fanga aure 50 meter lenger nede i bekken. Då dei to oppdaga ein framand gjenstand under ein stein i bekken, vart dei nysgjerrige og plukka opp det som synt seg å vere ei mine. – Kom og sjå kva me har funne, ropte dei til Johan. Johan retta ryggen og gjekk bort til dei to yngre gutane. Han tok mina i hendene for å finne ut av kva den mystiske gjenstanden kunne vere. Med eitt begynte det å ryke av gjenstanden. Asbjørn og Stein vart redde og sprang unna. Den tyske antipersonell-mina, truleg innehaldande heile 500 gram sprengstoff, eksploderte. Johan, som stod med mina i hendene, og Stein, omkom momentant. Asbjørn, som hadde kome seg litt lenger unna, overlevde. Han fekk eit langt sjukeleie, og skadane etter ulukka sette spor som følgde han heile livet.



Johan Skretting fann den udetonerte mina ved buskane i kanten av bekken rett bak der Erik T. står. Gitlemarka til høgre.

I dag hadde området blitt sperra av, heile Skretting hadde vore eit virvar av blått blinkande lys, politibilar, legehelikopter og media. Dei pårørande hadde blitt skjerna og fått tilbod om krisehjelp og anna oppfølging. Den gongen, i 1948, måtte familien og naboane saman med lensmannen, leggje dei døde i kistene.

Huset rista

- Eg er så imponert over Erik og det han har gjort, seier søster til Johan. Anna Opstad har kome heim att og bur i dag saman med mannen sin heime på Skretting. Ho var 13 år og låg heime i feber den dagen alt endra seg. - Eg hørde smellet, og kjende heile huset rista, fortel ho. Mor, Berta, var heime. Far, Bendiks, var på Husveg og hjalp slekta der med gardsarbeid. Far fekk beskjed om å kome heim, og heiv seg på sykkelen. Bror min, Abraham, var dreng på Klepp. Han måtte sykle den lange vegen heim. - Det var skrekkeleg, minnest ho.

Lensmannen ville setje kistene på løa på ein nabogard for å skåne familiane, men familiane ville det annleis. - Me fekk til slutt lov til å ta båra med Johan heim på vilkår av at me ikkje opna loket på kista, minnest

Anna. Erik T. hugsar at han og systera Ranveig gjekk med sending til Voll, heimen til Stein. Heime hjå Anna og Erik Skretting fekk dei sjå Stein i kista. - Andletet hans var ikkje skadd, seier Erik stilt. Men i stova heime hjå Berta og Bendiks stod kisteloket på.

Del av Festning Norwegen

Jærkysten var ein del av tyskarane sitt langstrekke og enorme festningsverk mot ein mogleg alliert invasjon av det stortyske riket som det okkuperte Norge var ein del av under krigen. Det budde mange tyskarar på Skretting desse fem åra. - I kjellaren her me sit no hadde tyskarane ein sykkelverkstad, fortel Anna. I Gitlemarka var det eit ammunisjonslager. Ammunisjonen vart øydelagt med kontrollerte spreingar gjennomført av det norske forsvaret etter krigen. Mina som Johan fann, vitna om at ikkje alt vart øydelagt. Etter ulukka saumfor forsvaret området på nytt. Då vart nok ei udetonert mine funnen. Då Jonas Ueland seinare dyrka Gitlemarka, var det med ei viss uro over at det framleis skulle ligge dødsfeller frå krigens dagar under torva. Det gjorde det heldigvis ikkje.

Må ikkje gløymast

Dødsulukka i Gitlemarka på Skretting prega grenda i mange år etterpå. Det sterkaste saknet og den vondaste sorga kjenner berre dei som mista borna sine eller broren sin.

No har dei som framleis minnest Johan og Stein og dei vonde junidagane i 1948 fått ein minnestein på staden ulukka hendte. Alle andre får del i ei historie som ikkje skal gløymast.

- Minnesteinen bør også vere ei påminning om at også i dag blir born drepne og lemlesta av miner rundt omkring i verda, uskuldige born blir framleis offer for meiningslause krigar mellom vaksne, avsluttar Anna Opstad og Erik T. Skretting.

Historier frå Varhaug

Har du ein historie sjølv, eller kjenner du til ei historie eller hending frå bygda vår som nye og komande generasjonar burde kjenne til? Kjenner du ein person som har gjort ein innsats for bygda og som hadde fortent ekstra omtale?

Nye generasjonar kjem til, medan dei eldste blir eldre. Det handlar om å formidle historiene medan det framleis finnest folk som kjenner til dei.

Eg vil gjerne yte mitt ved å formidle desse historiene, gjerne gjennom Varhaugbuen – og får eg god hjelp frå dykk, så kan det heile kanskje med tid og stundar samlast i eit eige hefte eller ei bok – Historier frå Varhaug.

Ta kontakt!

Med helsing frå Sjur, tlf.:98209381

STOR konsert på Misjonshuset



10. november 2012 (eller 10.11.12, om du vil)
vert det stor konsert på Misjonshuset.

Dette er eit samarbeid mellom korpset på Varhaug og Hå kulturskule. Tema for konserten er Love!

Det vert musikk og dansarar frå kulturskulen, og sjølvstilt korpset med.

Hovud vokalist: **Maria Arredondo!**

Dette vert stort, så sett allereie nå av laurdag 10. november for denne opplevinga.

Helsing styret i korpset



ETTERLYSNING

Varhaug skulemusikkorps saknar ein del instrument, og reknar med at det er einkvan ute i bygda som har gløymt å levera desse inn då dei slutta å spela. Det kan og vera ein som har lånt eit instrument ein gong, og så lagt det i eit skap for å levera det seinare, men så er dette og gløymt. Det er slikt som skjer for mange av oss.

Desse instrumenta er djupt sakna, og me treng dei sårt.

”Bortkomne” instrument kan enten leverast i Åvegen 7 eller musikk romet på barneskulen mandagar kl. 16.30-19.30.

På førehand takk!

Helsing styret i korpset

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Inger Haugstad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H/BU

Styremedlem

Elisabeth Lutsi, bondelaget

Varamedlem

Sigbjørn Særheim, skulekorpset

Varamedlem

Ole Andreas Aarsland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit ”kjennemerke” for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*”Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymleklednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend ”*





Velkommen til Varhaug Apotek.
Du finner oss vegg til vegg med Mega Coop – i Sentrumsgården – eller det gamle handelslaget.

Apoteket er forankret lokalt, og ikke medlem av noen kjede. Det merkes ved at hos oss vil ingen oppleve noen form for press til å bytte til billigere medisiner. Samtidig kan vi føre varer kundene ønsker lokalt, da vi ikke er overstyrt av noen kjedekontor. Vi har bare samarbeidsavtaler med Boots AS. Ellers kjennetegnes apoteket av Rogalands laveste priser på reseptfrie legemidler. Apotekpersonalet skal ha fokus på å inspirere innbyggerne i Varhaug til å ta vare på sin egen helse.

Piotrek Wlodno til tilsatt som apoteker. Det er han som skal styre den daglige apotekdriften. Dette blir spennende. Med seg har han en farmasøyt til, og vi kan ansette apotektekniker ved behov. En gang i uken kommer jeg, **Eva Skadsheim**, som ellers jobber som farmasøyt ved Gjesdal Apotek, Ålgård. Jeg er utdannet farmasøyt, og han mange års erfaring fra Polen og 6 år i Norge. Jeg bor på Sandnes, og den første tiden arbeidet jeg som bioingeniør på laboratoriet ved Egersund Sjukehus. Så jeg er godt kjent på Jæren etter mye kjøring Sandnes- Eigersund.

Etter noen ukers drift, kjenner vi at det har gått bra. Vi har fått mange positive tilbakemeldinger fra lokalmiljøet. Pågangen varierer litt, apotekets handelsvarer er populære, men det er mye reseptbelagt folk handler. Vi håper på at den gode mottakelsen fortsetter, og at vi får mange trofaste og hyggelige kunder.



Piotrek Wlodno, er en erfaren provisorfarmasøyt utdannet i Polen, og har doktorgrad i farmasøytiske vitenskaper. Han bestemte seg for å bli farmasøyt da han gikk på videregående skole. Han synes det er et veldig interessant og ansvarlig yrke. Man kan hjelpe andre, og det er alltid mulighet for daglig utvikling. Han er veldig glad i Norge, og at han får oppleve den fantastiske naturen vi har. Han startet å lære seg norsk mens han arbeidet som praktikant på det private, frittstående apoteket på Ålgård. Nå gleder han seg til å starte arbeidet som apoteker på Varhaug Apotek, og han har på følelsen at han vil få til et godt samarbeid med folk på Varhaug.

- Varhaug Apotek har høyt kvalifisert personale
- Rask ekspedering av resepter
- Avskjermede ekspedisjonssteder
- Stort utvalg av bleier/bind mot urinlekkasje
- Hjemkjøring kan avtales for tunge apotekvarer
- God parkeringsplass
- Lett tilgjengelig for barnevogner og motoriserte rullestoler

Vi har månedstilbud – 3 for 2 – og medlemstilbud

Åpningstider:

Man-Fre: 0800 - 1700

Lørdag: 1000 - 1500

Takk for at Varhaug Apotek fikk presentere seg i Varhaugbuen. Vi skal gjøre vårt beste for at du skal bli en tilfreds kunde.

Hilsen Eva Skadsheim



Paul Odland



Basaren til bygdekvinnelaget - ein kjempekveld!

Den årlege basaren til Varhaug bygdekvinnelag var i år lagt til den nye "Mødeplassen" i det gamle Coop bygget, som frivillige har fått i stand, med utruleg god støtte frå kommunen.

Me var jo veldig spente på korleis dette ville gå. Me hadde jo annonsert ganske godt, og tykte sjølv me hadde fått eit godt program med Paul Odland, som skulle snakka om Jakob Sande, og Pensjonist koret t/Turid, men likevel; hadde folk fått dette med seg?

Det var ikkje fritt at det var litt sommarfuglar i magen til både, Aud, Bjørg, Britt, Grete og underteikna då klokka nærma seg 19.00. Men inn strøymde det folk, og det gjekk ikkje lenge før me måtte bera inn alle borda og stolane i kafeen til Alan. Nå var det mest så me mista pusten, og sommarfuglane fauk vekk. Dette var utruleg gildt.

Eg trur me var 60-70 personar som fekk høyra ein veldig god formidlar av Jakob Sande, og som var med på allsongen "Gåsa, katten og hanen" og "Vesle Daniel skal ut i verda" og mange fleire. Gildt å synga med eit heilt kor som syng føre.

Mykje lodd vart selde både på årene og hovud trekninga, og eg trur det må vera den beste basaren me har hatt.

Kva pengane skal brukast til, veit me ikkje endå, men dei går alltid til eit eller anna i bygda.

Stor takk til alle som ga gevinstar, både private og næringsdrivande på Varhaug (+ litt til). Og ikkje minst takk til alle som kjøpte lodd. Det er minste føre å laga til basar med så stor givarglede og velvilje over alt. (Eg har alt byrja å gleta meg til august 2013).

Liv Hobberstad



**Frå
redaksjonen**

Det går i grunnen ikkje lenge mellom kvar gong eg set meg ned for å arbeida med Varhaugbuen. Mange gonger tenker eg på ting til neste blad før eg er ferdig med det første.

Akkurat nå er eg ferdig med ein vel-lukka basar. Eg har vore på Jærmessa, der og alt såg ut til å fungera veldig bra. Eg vart veldig imponerte av dei små ungane med kalvane. Det trur eg må vera høgdepunktet for messa.

Komlå har eg og ete, og den var god. I sangen "Ola ska du å tenna pibå si", syng dei om 24 komle. Eg har spurt Skrettingen kor mange komle dei laga til desse 3 dagane av Jærmessa: ca. 3000.

Eg har ikkje hatt ferien min endå når eg ser bort frå ein 5 dagars busstur i Norge. Me reiste til Ål i Hallingdal der Hans Håland frå Varhaug hadde vore avløysar og arbeidt på ein støl der. Dette var ein flott tur. Det er ikkje mange land som har flottare natur enn den me køyrde gjennom. Men i oktober skal eg til Cuba, og det skal og verta gildt og sjå korleis dei har det. Alle som har vore på Cuba skryt av turane, og at eg har noko å gle meg til.

Elles vil eg ynskja alle lesarane ein fin haust. Neste gong bladet skal ut er me i advent.

Liv



Varhaug Serviscenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-serviscenter.no



**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



jonharald@norgeshus.no



Slektsstevne på Iden

Det er mykje gildt som føre med seg å vera redaktør av Varhaugbuen.

Søndag 19. august var eg invitert av Tarald Ueland, forfatter av den nye boka om Ueland slekta frå 1870-2012 til å vera med på Slekststemnet på Idrettsplassen.

Eg møtte ein del eg kjende, eller visste kven var, men dei fleste var heilt ukjende for meg. Men det er vel ikkje så rart når nærare 900 små og store etterkomarar, og inngifte etter Ingeborg og Tobias Ueland var samla. Men eg fekk helsa på søster til Tarald, Ingrid Hansen, som hadde kome frå Odense, der ho har budd sidan 1960 talet, for å vera med på denne samlinga. Eg møtte og ei veninne frå Bryne, som eg ikkje ante hadde "aner" frå Ualand.

Det nærast krydde av folk, og eg følte det mest som 17. mai. Det var berre alle bunadane som mangla. Her sprang dei små rundt og kosa seg, klatra i ribbeveggen nett som dei gjer på nasjonaldagen. Dei vaksne kom berande på kaffi og mat dei hadde kjøpt seg i kafeen, nett som på nasjonaldagen dette og.

I staden for 17. mai talen tok Gaute Auestad frå Høg Jæren for seg dei ymse greinene av slekta. Han hadde lagt ned eit kjempearbeid med dette, slik at det kunne visast på storskjerm.

Då mange av ungane ikkje fann dette så veldig interessant, var det mykje å finna på ute i det flotte augustveret. Sola skein frå ein blå himmel, og dei nye grasbanane vart flittig brukte. Det var berre så vidt dei hadde tid til å koma å eta.

Det var varma opp fleire grillar, og folk hadde med seg campingstolar og rigga seg til utanføre Hallen. "Nå sit de inne i den nye Hallen" sa eg til nokre som sat innafor den vesle mur kanten. Og så fekk eg høve til å seia litt om alt

dugnadsarbeidet som har vorte lagt ned på Iden det siste året, og om planane vidare. Det var jo mykje folk samla, som ikkje var herifrå. Dei var mektig imponerte, og fleire av dei kommenterte "kunstverket" mot aust – den flotte steingarden.

Erik T. Skretting leia dagen, og han nytta og høve til å takka Varhaug idrettslag for den store velviljen dei hadde vorte møtt med av den daglege leiaren; Jan Christian Vasshus.

Tarald Ueland har, etter mi meining fått til ei praktbok og ei litt uvanleg slektsbok. Den er lett å finna fram i med alle fargane. Og ein finn så mykje historisk stoff i boka, at ho er gild å ha for folk utanom Ueland slekta og. Kanskje var det og nokon på stemnet som fekk lyst å laga noko liknande. Eg vil her takka Tarald både for boka og for at eg fekk vera med på stemnet.

Liv



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)





Hagekonsert

hos Hans Åsbjørn og Snefrid

Lørdag 4. august var det igjen hagefest med konsert i hagen hos Hans Åsbjørn Skretting og Snefrid.

Veret viste seg fra si beste side, sola skien og det var ein av dei få skikkelege somardagane dette året. Folk benka seg rundt i den flotte hagen, og venta på at musikanane skulle innta senen eller terrassen. Trond Gudmestad, Gunnar Tønnesen og Torstein Obrestad som kapellmeister og vokalist var klar. Først var det Lappeteppa med kjende og kjære songar som «I Hagen søføre huset» og mange andre der ein kjende både tekst og tone. Gamle «Vind i Garhol» låtar var det og plass til, og «Kortspel forstand» vekte minner hos mange av oss som sat og fekk nyta musikken.

Etter ein god pause med salg av god grillmat og drikke, var det tid for Trio Blå, som då fekk Asgaut Steinnes som vokalist, og Gunnar Tønnesen trekte seg ned blant publikum. For dei som lika blues, var dette musikk og tonar det svinga av, og tekstar som fekk oss til å mimra. Herleg å nyta musikk og ord i fint ver ute, ilag med andre og i ein flott og fredeleg hage.

Takk til Hans Åsbjørn og Snefrid som har bryet med dette. Håper det vert ein konsert neste år og, og då må mange fleire varhaugbuar finna vegen til hagen!

Inger Haugstad

Lensmannsgarden – "ein stad der ein kan treffast på tvers av tradisjonelle skiljelinjer"

Fremdriften i arbeidet, og engasjementet for å få ferdigstilt løa og fjaset på lensmannsgarden er nå enorm. Nytt golv er lagt i løa, golvet er støpt i fjaset, og rominndeling er stolpa opp. Samtidig med innsatsen på bygg, er innreiingskomiteen godt i gang med sitt arbeid. I samarbeid med kulturretaten arbeides det med planer for innredning og møblering av løa.

Kulturtorget og kulturskulen vil, saman med frivillige lag og organisasjoner, ha en sentral rolle i bruken av bygget fremover.

Kalkylen for vennelaget sitt arbeid på lensmannsløa ligger nå på 3,43 millioner pluss moms. Dugnadsarbeidet som blir gjort, gjør at vi kan få et rimelig og funksjonelt kulturbygg på Varhaug.

Arbeidet med løa på lensmannsgarden planlegges å være ferdig til åpningsarrangementet i april 2013.

Sjekk og vår nettside på www.lensmannsgarden.net for mer informasjon, eller kom innom løa når der er folk på bygget.

På Varhaugmarken kom det og mange innom vår stand, med positive tilbakemeldinger og interesse for arbeidet. Vi har alltid behov for folk og lag som ønsker å bidra med dugnad. Har du lyst til å være med å ta i ett tak i løa, ta gjerne kontakt med Solveig Aanestad tlf 415 32 793 eller Hans Vigleik Jakobsen på tlf 976 88 571.

*For styret i Vennelaget
Tom Magne Ueland*



Kjøp forsikringene dine hos oss!

Våre åpningstider

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag:

kl. 09.00-15.30

Torsdag:

kl. 09.00-17.45

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no

Problembrua på Lerbrekk



Liv bad meg koma med ei tilbakemelding i Varhaugbuen om status Lerbrekk brua. Eg har brukt mykje tid på denne saka, hatt møter med Jernbaneverket, prøvt å finna dei personane som kan ta ei avgjerd i saka, men vert stadig sendt til nye personar, og det er umulig å finna nokon som kan ta ansvar. Dette er byråkrati på sitt verste!

Ingen, absolutt ingen har handlekraft til å ta ansvar i denne litle saka som handlar om å setja opp 6-8 m rekkverk på brua. Jernbaneverket sender ballen over til Vegvesenet, og dette er og eit vesen som stadig sender saka vidare til andre personar i systemet.

Me har løfta saka opp til Fylkesnivå, og hatt med fylkes-ordføraren, fylkesvaraordføraren og fylkesrådmannen på synfaring, og alle er einige om at dette må me få til. Men det ser ut for å vera vanskeleg å få ei avgjerd. Ballen vert sendt vidare tilbake til Jernbaneverket.

Men nå har eg eit håp. Tysdag 4. september kl. 13.30 skal eg og Eirik Sør-Reime i lag med Oddbjørn Lerbrekk, som har lova og utføra jobben på dugnad berre me får det nødvendige løyvet til dette, møta representantar for Jernbaneverket og Vegvesenet på brua, og då er målet heilt klart; Me skal vera einige om korleis dette skal gjerast, og kor tid det skal utførast, før me går frå brua!

Med vennleg helsing Hå kommune Mons Skrettingland-ordførar

4. september 2012

Siste:

Ordføraren måtte gå frå brua utan noko avgjerd. Jernbaneverket ville vera med og gjera noko, men vegvesenet sette foten ned nok ein gong.

Her skulle Hå kommune ta heile kostnaden, me hadde Oddbjørn som har sagt at han vil gjera jobben på dugnad. Og så seier ein frå vegvesenet NEI. Nå skal ordføraren ta kontakt med fylkesordføraren i kveld eller i morgon, for dette går ikkje an.

I over 3 år har brua stått slik dårleg sikra, og det er mest eit under at det ikkje er skjedd alvorlege ulykker.

Dette er å halda ei heil bygd for narr.

Veit folk i vegvesenet kva dei gjær?

Red.



Grillkveld på Lerbrekk skule torsdag 9. aug. 2012

Til toner frå Jærbelgen og trekkspela starta grillkvelden på Lerbrekk skule. Musikk som Vårnatt i Bjørndalen og Somernatt i Froland kunne sikkert høyrast like nede i strandsteinane og på Kongevegen denne sumarkvelden. Vinden frå nord fant ein livd for på sørsida av skulen, så krokkebanen blei omgjort til arrangementsplass. Leiar Sigbjørn Varhaug ønskte alle dei 62 frammøtte velkommen i år som tidlegare år. Dei få regndråpane som verka trugande ei stund, blei jaga vekk av sola som snart fekk overtaket.

Grillen var glovarm, så koteletter og pølser vart snart klar. Dette smaka godt ilag med salat og nykokte "småepler" frå Husveg. Maten smaka ekstra godt med bakgrunnsmusikk frå «Agnes og dei», som spela den eine kjennelege melodien etter den andre, både vals, polka og «evergreens». Etter grillmaten var det godt å slutta av med kaffi og langpannekaker.

Sigbjørn les så epistler og utsagn frå «Barnemunn», så forsamlinga fekk seg ein god lått. Så var det tid for allsang frå sangboka, og me song både «Da Lykkeliten kom til verden»

og «Blåveispiken» med hjelp av gode forsangarar. Sigbjørn les så nokre stykker av Torvald Tu.

Igjen fekk me halda varmen med å syngja. «Vestland, Vestland» ljoma godt i den fine kvelden, og trekkpelgruppa var godt tonefølgje.

Musikere og grillmestere blei overrakt blomar frå Sigbjørn, før han ønskte vel heim og me avslutta med «Fager kveldsol smiler»

Etterpå fekk trekkspelgruppa avslutta kvelden med fin musikk. Folk kunne sitja lenger for å nyta musikken, men dei fleste kjende at august kvelden ikkje var så varm lenger, og begav seg heimover. Ein kjekke kveld for drøs og samvær. For nokre var det ekstra stas at håndballjente var suverene og nå var klar for OL-finale.

Inger Haugstad

Bitt av sykkelbasillen?



Vi er en gjeng med Varhaugsbuer som sykler endel sammen, både terrengsykkel og racersykkel. Sykling er utrolig gøy og sosialt. Nå er vi lystne på å etablere Varhaug Sykkelklubb, og derfor ønsker vi å lodde stemningen for å få til dette.

Send en mail til ta_olsen@hotmail.com, dersom du kunne tenke deg å bli med i klubben! Hvis det viser seg at det er stor interesse, kommer vi til å gå videre med planene, og kalle inn til et møte.



Tema Bad Fusion, Autumn 120 cm møbel med skuffer og skap, 120 cm porselenservant og 120 cm speil, inkl. HansGrohe Metris S servantbatteri.

Utstillingssalg: 10.900,-



Ifø Sense Art møbel

90 cm med porselenservant, 60 cm speil med sandblåst kant og 30 cm glasshyller, 30 cm høyskap, inkl. HansGrohe Veris servantbatteri

Utstillingssalg: 22.590,-



Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Mandag til fredag

07.00 - 16.00

Lørdag

09.00 - 13.00



Jærtreff i Varhaughallen

21. - 22. september 2012

I høve dette treffet har Varhaugbuen hatt ein drøs med Irene Helleland og Agnes Varhaug Siqveland, som ofte har spelt på bygdekvinnelaget sine arrangement. Agnes seier at Odd Varhaug, eller onkel Odd, skal ha mykje av æra for at dette treffet har kome i stand. Han har vore primus motor heile tida, saman med sangaren i Jærbelgen, Kurt Ask

Jærbelgen er eit gamaldansorkester frå Jæren/Rogaland med 11. medlemmar; det er 8 på trekkspel, 1 sang/trekkspel og 2 på gitar og bass. Det er 4 frå Varhaug, men elles kjem dei frå Nærbø, Brusand, Klepp, Ålgård og Sandnes. Dei har øving på Nærbø Ungdomsskule kvar onsdag, og er ein veldig samansveisa gjeng. Jærbelgen har mange faste speleoppdrag, slik som dansen på Bore ein gong i månaden, LHL på Ognå, pensjonisttreff på Hundvåg 2 gonger i året, dagsentera i Hå sin grillkveld i Helgøleiren og St.Hans feiringa på Obrestad m.fl. Og viss du ikkje endå har fått med deg kven Jærbelgen er, så tenk på 17. mai toget på Varhaug; Jærbelgen har vore med der dei siste 5 åra sitjande/spelande på ein lastebil.

Jærbelgen vart starta i 2002, etter fleire kurs med Rita Fotland. Sidan dei har 10 års jubileum, fann dei ut at dette måtte feirast. 13 andre lag/orkestar har takka ja til å koma til dette treffet, som Jærbelgen arrangerar saman med VIL. Idrettslaget ordnar med både vakthald og servering. Frå Hægebostad kjem ca 30 med musikantar og fylgje. Flott!!

Det er ikkje berre gamaldansorkestar som kjem, Ole Ingvalds spelar mellom anna country musikk. Så her vil det nok verta musikk både til å høyra på og dansa etter. Det er ingen aldersgrense når det gjeld musikk og dans.

I tillegg til dans fredag og laurdagskvelden vert det både allsang og swingkurs laurdag ettermiddag. Sjå program side 27!

JÆRBELEN OG VIL INVITERER TIL

JÆRTREFF

I VARHAUGHALLEN

FREDAG OG LØRDAG 21.-22. SEPT.

Program:

Dag:	Kl.slett:	Hva:
Fredag	19.00 – 01.00	Musikk og dans av 14 orkester Dørene åpner kl. 18.00 Pris 150,-
Lørdag	11.00 – 13.00	Allsang GRATIS! Kom og bli med. Allsanghefter deles ut.
Lørdag	14.00 – 16.00	Swingkurs Pris 100,-
Lørdag	19.00 – 01.00	Musikk og dans av 14 orkester Dørene åpner kl. 18.00 Pris 150,-

Det vil bli salg av kaffe og mat under hele helgen, samt skjenkebevilling på fredag og lørdags kveld ©
Kom og bli med på en uforglemmelig helg med musikk og dans i Varhaughallen 21. – 22. sept.


Disse spiller:

Hå trekkspillklubb
Belg, Blås og Komp
Sandnes Trekkspillorkester
Strand Spelemannslag
JAN's
Sydvesten
Sauda Trekkspillklubb

Strand Toraderlag
Rykk og Reis
Ryfylke Trekkspillklubb
Jærbelgen
Ole Ingvalds
Bobilgjengen
Hægebostad Trekkspillklubb

Mvh.

Jærbelgen & Varhaug IL



Medlemsmøte Varhaug Bedriftsforening

Det blir frokostmøte i gamle salen, Varhaug idrettspark, **17.10.2012** kl. 07.30 - ca. 11.00.

Møtet holdes over samme lest som tidligere frokostmøter, med en uformell tone og gode muligheter for spørsmål og dialog.

Vi vil at medlemmer allerede nå **setter av datoen**, så sender vi ut agenda og informasjon om påmelding når det nærmer seg.

Politikere i kommunen er også hjertelig velkomne, og herved invitert!

Har du ting på hjertet som du vil ta opp med de andre medlemmene, med styret, eller med politikerene (som vi håper kommer) er dette en fin anledning!

Styret vil informere om saker vi har jobbet med, bl.a. høringsuttalelser til regionalplanen for Jæren.

Varhaug Bedriftsforening har som formål å fremme handelen og medlemmenes interesser, og stimulere til uforpliktende samarbeid mellom medlemmene.

Vi gleder oss over nyetableringene som har skjedd, både i Stuelandsbygget og Sentrumsgården. Vi har 52 medlemsbedrifter, og plass til flere, både nyetablerte, og dere som har vært her en stund!

Ønsker du medlemskap for din virksomhet, eller vil vite mer om Varhaug Bedriftsforening, så ta kontakt med leder Ingeborg Lea Omdal, på tlf. 932 59 970

Stasjonsvegen

Varhaugbuen har tidlegare skrive om the ghout street. Nå er det kome liv i gata, og mange butikkar. Men så ser me at det er kome apotek, frisørsalong, blomsterbutikk, kledebutikk, så nå er det to av kvar både nord og sør i gata. Koss skal nå dette gå? Viss me alle som har sakna noko i gata, tenker positivt, og handlar litt på kvar stad så vil dette være godt for alle. La ting få gå seg litt til, og ikkje vær for snare med å seia: "Dette vil allre gå".

Eit lite velværesenter i Stuelandbyggget

I 2010 kom Fix it frisør i bygget. I vår kom Heidi Bø med Varhaug Hud- og fotterapi og karatedama Audrone starta med massasje. Kanskje kan ein og rekna med Pulsen og apoteket her? (Når ein og har sport- og blomsterforretning i tillegg til maten, så er det ganske mykje godt som er samla her).

Hestalorten i sentrum



Slik som dette såg det ut ein føremiddag utanfor bankbygget i Stasjonsvegen. Det var tydeleg at her hadde det stoppa 2 hestar, som hadde fått gjera frå seg på fortauet. Me er klar over at det ikkje er lett å berre ha med seg ein plastikkpose til lorten. Det er vel heller ikkje enkelt å ha med ei spade under ridinga. Men kan de ikkje ha ei i sentrum ein stad, slik at de kan rydda opp etter dykk med det same. Hestalorten høyrer ikkje heime her, og dette har me påpeika i Varhaugbuen tidlegare og.

Opning av Sentrumsgården

Denne vart offisielt opna av ordføraren på Varhaugmarken 1. juni. Då innvia og ein del skuleelevar det nye Lekelandet. Desse stod i kø og venta på at Mons skulle klyppa snora, som markerte opninga. Då var det og kake til alle som ville ha.

Samstundes opna Alan kafeen, Monika Apeland frisørsalong, Rune Haugseng kledebutikken Hits og Varhaug Blomsteratlier. "Mødeplassen" til dei frivillige var og mest klar.

Nå var plutselig gamle Coop vorte eit lite senter med liv og røre.

Sentrumsgården 3 månader seinare

I Lekelandet er det stor aktivitet kvar dag. Den våte sommaren har nok vore til stor hjelp her. Det er og arrangert bursdagsfeiring her.

Alan i kafeen er godt nøgd med besøket i kafeen så langt.

Frisørsalongen "Monica" og Varhaug Blomsteratlier er veldig nøgde, og seier at dette har vore over all forventning.

23 år gamle Robin Haugsgjerd, er tilsett i Hits som sel gode ute- og fritidsklede til både store og små. Dei har selt alt frå shorts til regnkledde. Det har vore brukbart

sal i begynnelsen, men akkurat nå kunne han tenkt seg litt meir å gjera.

Varhaug apotek er det siste som er kome til. Les meir om dette anna stad i bladet.

"Mødeplassen" er det og litt aktivitet i.

Førebuinga til bygging av husvære er på gang.

Mødeplassen

Det var litt synd at denne vart klar rett før ferien, for då var det ikkje rette tida til å starta med noko nytt.

Nå er Seniordansen på plass med øving kvar tysdag føremiddag under leiing av Kirsten Nord-Varhaug. Er det nokon som har lyst å vera med, så er det berre å møta opp tirsdagar kl. 10.00. (Etterpå er det høve til å slappa litt av med kaffe hos Alan)

Bygdekvinnelaget har alt hatt basaren sin der, og det neste som står for tur er årsmøtet deira 27. oktober.

Frå og med oktober kjem og strikke kafeen til å samlast der.

Turid Skretting, som er gnisten til dette, har og planar om både bingo og speletreff. Røde Kors planlegg dans ein kveld i månaden, og det har og vore snakk om allsang kveld. Men 2-3 personar klarar ikkje alt dette aleine. Er det einkvan der ute som har lyst å vera med å laga ulike aktivitetar på Mødeplassen, så vær grei å ta kontakt med Turid, Kristin eller Liv. Me er opne for alt!

Maskinstasjon:

- Skurtresking
- Traktor og dumper

Verksted:

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim
Kontorveid 1 • 4360 VARHAUG
Tlf. 93 59 97 03 •
Mob. 93 82 84 10 / 97 72 00 03

**SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING**

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

SpareBank
SR-BANK



Sammen får vi ting til å skje.

Hva er en natteravn?

Det er helt ufarlig å være natteravn. Natteravnene er helt alminnelige voksne med sunn fornuft. De ferdes utendørs og er synlige i gatebildet, de observerer og hjelper. Natteravnene lytter og gir veiledning når barn og unge tar initiativ til det. Alvorlige problemer skal henvises til foreldre, politi eller andre.

Gode forbilder

Natteravnene skal ikke legge en demper på de unge eller virke moraliserende. De skal fremstå som gode forbilder. Natteravnene blander seg ikke inn i uroligheter, men kontakter hjelp om nødvendig.

Hvor ofte - hvor mange

Når og hvor ofte natteravnene er ute og vandrer, varierer fra gruppe til gruppe etter lokale behov. Det er avhengig av behovet til hver enkelt gruppe, antall ravner i gruppen og opp til hver enkelt natteravn hvor ofte man må vandre. Det er hensiktsmessig å være tre i en gruppe når man ravner, og gruppen bør bestå av både kvinner og menn.

Hjemtransport av unge

Natteravnene hjelper til med å sende 'forulykkede' barn og unge hjem, til legevakt eller lignende. Dette skal gjøres ved å tilkalle taxi, politi, venner eller familie. Som natteravn skal du aldri på noen måte følge noen hjem alene, og ikke låne bort penger.

10 viktige regler for alle natteravner:

1. Vær fordomsfri
2. Vær åpen
3. Behandle alle likt
4. Vær blid og vennlig
5. Vær hjertelig
6. Gi mye ros
7. Vis Interesse
8. Vær forsiktig
9. Lytt
10. Hjelp

Følger du disse 10 budene, kan vi love deg positive opplevelser ute på dine vandringar. Du møter mye hyggelig ungdom som ønsker natteravnenes tilstedeværelse!

Det nytter - Bli natteravn du også!

Har du spørsmål? – ring oss på 415 32 696

– eller send e-post til: frivilligsentralen@ha.kommune.no

Litt frå Varhaug-marken



Varhaugbuen kjem alltid ut med eit nummer rett før marken, og dette er første høve til å mimra litt om den.

1. og 2. juni var det brukbart ver. Litt kald vind kanskje, men det er berre å kle på seg. Det var godt og varmt ved borda mellom Skretting og gamle banken på fredagen, men til frokosten på laurdag var ikkje sola kome der, så då var det litt kaldt. Det var mange som flytta seg over på solsida mens dei åt.

Begge dagane var det stort sett same program som tidlegare år, men i år hadde me fått med oss noko så eksotisk som dansarar frå Brasil. Det vart nok litt i kaldaste laget for dei to leddkledd damene, men dei dansa fleire dansar til fengande rytmer. Kjekt markeninnslag!

JÆRMESSA

Jærmessa ble arrangert for 26. gang på Iden 31.aug – 2.sept 2012.

Varhaug IL hadde en plass mellom 200 og 250 dugnadsfolk i sving den helga. Det er ganske imponerende. Dette er det mest innbringende arrangementet vi har på Iden, og uten velviljen fra folk rundt oss går det ikke. Det var mye nytt og spennende blant både utstillere og på underholdningsfronten. Vi er fornøyde med hvordan vi klarer å gjennomføre et så stort arrangement. Gode tilbakemeldinger fra både publikum og utstillere. Det solgt ca 2000 komlemiddager. I tillegg var det bra salg på messepølse og messeburger. Jærmessa ble besøkt av mellom 8-9000 gjester.

Jan Christian.

Foto: Liv.





Elgane

Speedway • Mikroklassen 50cc • Knatteklassen 80cc • Motocross • ATV

Speedway

«Speedway er kanskje den mest publikumsvennlige motorsykelgrenen. Det er i hvertfall den mest oversiktelige. Fire sykler til start, fire runder, første mann i mål vinner. Sporten er kjent for sine venstresvinger og særegen måte å kjøre svinger på.» (NMF)

Nå for tiden har vi ca. 13 Microer, 8 Knatter og 9 500cc jevnleg på treningene.

Barnet kan begynne å kjøre i mikroklassen, 50cc, etter fylte 5 år og opp til 9 år. Fra 10års- alderen starter en å kjøre Knatte, 80cc. Det året personen fyller 16, kan en starte på 500cc.

Treningstidene våre på Elgane er:

Tirsdager: kl 17-19 (50cc)
kl 17-21 (80cc) og kl 19-21 (500cc)

Torsdager: kl 17-19 (50cc)

Søndager: kl 12-16
(alle gruppene samtidig)

- Så kom og prøv da vel!

Mikroklassen 50cc

Vi har det kjekt på treningene. Men det er også mange løp barna kan delta i om de vil, men da må en reiste utenlands. I Norge kjører en kun oppvisningsklasser på dette alderstrinnet. Det år reise på løp er god trening for barna. Nivået er høgt i Danmarko og det er mange microer der. Mange av mikrokjørerne har delteke i Danmark,

denne sesongen: Hanestævne, 4 stk, Sommerstævne, 5 stk, Pinsestævne, 3 stk, Opstartsløb, 3 stk, Træningsuge 30, 4 stk.

Innanlands deltar microane også, om de vil, på oppvisningsløp når de store kjører ligarunder. De har deltatt 3 ganger på Elgane, med ca. 12 microer med hver gang. De har vært sterkt representerte i Kr.sand med antall kjørere fra 3-7 på det meste i løpet av sesongen. Ellers har 8 stk. reist til Riska 8stk, 2 stk. til Mjøsa og 1 reiste til Grenland.

En stor takk til microane som setter Elgane MK på kartet! Ingen speedwayklubb i Norge har så mange mikrokjørerere som oss! Det er faktisk et fåtall klubber som har mikrokjørerere. Når disse nå vokser til, trengs det jo nye 5-åringer hvert år for å opprettholde plassen som den største i Norge på rekruttering, helst mellom 10-20.

Da Riska arrangerte FIM Long Track World Chanpionship finale 2 på Forus Travbane, fikk microane den ære av å være maskoter. 20 stk. microer delte ut deltakerpremier til utøverne. Dette var stas. Så fikk de lov å ha oppvisningskjøring for publikum i pausene.

Knatteklassen 80cc

Vi er nå blitt 8 stk. Det er vi glade og stolte over. Velkommen til de nye! Men det er enda plass til flere. Det er aktivitet blant kjørerne her også. Vi

har de 3 eldste og mest rutinerte kjørerne, som kjører i den danske ligaen og som deltar i åpne, utenlandske løp. Det er Glenn Moi, Lasse Fredriksen og Espen Sundvor, alle fra Varhaug.

Disse 3 guttene deltok på FIM Youth Gold Trophy 80cc, som gikk i Vetlanda, sør i Sverige i sommerferien. Elganekjørerene gjorde seg positivt bemerket gjennom hele turneringen. De fikk tilbud om å kjøre i det svenske ligasystemet for 80cc. Her kom Lasse Fredriksen på 12. plass, som beste kjører fra Elgane og Norge. Like bemerkselsesverdig var at så mange Elgane-supportere tok turen bort. Dette sette guttene pris på. Publikummet flagga, heia og tuta når guttene kjørte. Det ble nesten litt flaut for noen av de.

Glenn Moi vant NorgesCupen 2012, alle 4 rundane Han satte i tillegg ny banerekord i 2. runde i Kr. Sand.

Høstsesongen, arrangementer

NM Par – 15 september. Microoppvisning fra 17-1830, 500 cc 1850-2200.

Elgane Open 500 cc, 29 september 2012 fra kl. 1900. Det blir kjørt 20 heat, semi-finale og finale. Det blir en actionfylt kveld med kjøring i flomlys.

Motocross

Elgane arrangerte tradisjonen tro første NM runde, andre runde gikk på Elverum, og «NM-finalen» gikk på

Lunner. NM er uten tvil det største løftet Elgane gjør i løpet av sesongen, både når det gjelder antall dugnadstimer, funksjonærer og inntekter. Over 180 deltakere kjørte, og det ble mye action og spenning.

Da alle tre rundene var ferdige fikk Magne Klingsheim to gull og et sølv i, gull i MX 125 og MX Ungdom og sølv i MX 2. Gratulerer Magne!

Ellers har sesongen gått veldig bra for Magne. Før siste EM-runde kjøres i Italia til helgen, ligger han an til å bli nr. 2 sammenlagt i EMX125. Jeg har selv vært og sett Magne kjøre i Uddevalla, det er imponerende hvordan han klarer å ta seg opp igjen, selv om han får en dårlig start.

I helgen prøvde han seg på 250 i EM i Lierop. Han slo til med en 11. plass sammenlagt i EMX250. Magne ble nummer 17 i første heat, før han i andre heat kom på en meget sterk 8. plass.

I helgen arrangerte Elgane siste runde i Vestlandsmesterskapet, dette er et samarbeid mellom de store klubbene på Vestlandet. Mesterskapet kjøres som en cup, der deltakere får poeng personlig og de samler også poeng til klubben. Det ble Bybergsanden Motocross som stakk av med flest poeng her. Løpet på Elgane ble knirkefritt gjennomført, det var 110 startende på lørdag og 58 på søndag, og kun tre små skader.

Våre egne kjørere har også gjort det bra, men dessverre har vi litt dårlig deltakelse. Men Erlend Klingsheim vant MX 1, Martin Haugvaldstad ble nr. 2 sammenlagt i MX 2, og Mats Selebø og Jaran Krag ble nr. 7 og 8 sammenlagt i MX 125. Sjur Krag vant i helgen Old-Boys (34+) klassen og beviser vel at de eldste er best??

På stevnet i helga kjørte også Mathea Selebø (11 år) veldig bra, og kjørte fra flere av guttene i same klasse. Trym Krag, Mats Selebø, Sven Andre Hamre kjørte også for Elgane.

Det er alltid kjekt å være med på slike løp, de tilreisende er like imponert hver gang.

Elgane Motorsykelklubb består jo av både utøvere, styremedlemmer og andre funksjonærer fra hele Jæren. De blir også imponert når vi skal arrangere noe på Varhaug og det skal handles inn. Jeg har alltid vært en pådriver for å handle lokalt, så vi bruker Spar og R. Skretting, og servicen er upåklagelig. Det er bare å bestille varene så blir de pakket og klargjort, ikke noe bry for oss i det hele tatt.

Elgane vil også benytte anledningen å takke alle som har vært funksjonærer på de forskjellige arrangementene, vi er helt avhengig av deres hjelp – uten frivillige – ikke noen stevner.

Det er stor rekruttering til Motocrossen på Elgane, men fremdeles ikke

mange som «satser». Dette syns vi i cross-gruppa er veldig synd. Vestlandsmesterskapet er - og skal fremdeles være et bredde løp, og vi vil prøve å få flere av våre egne kjørere til å stille, i alle fall på hjemmebane.

ATV

Nordisk mesterskap i ATV/Quad ble for første gang i Norge arrangert på Elgane Motorstadion lørdag 23. juni. Her kom det deltakere fra både Danmark og Sverige.

Det ble konkurrert i klassene Nordic Quad 400 og Nordic Quad Open. Elgane Motorsykel Klubb hadde 3 deltakere i klassen Nordic Quad Open.

Denne klassen er fra 15 år og 450 ccm.

Nordisk ATV/Quad ble gjennomført på en flott måte på tross av et forferdelig vær. Morten Sveinsvoll fikk 12. plass, Morgan Husveg 13. plass og Merete Vagle 14. plass i klassen Nordic Quad Open.

Her er en link til reportasjen i Stavanger Aftenblad:

<http://www.aftenbladet.no/sport/Vagale-froken-Vagle-2993267.html>

15. september arrangerer Elgane MK nok en gang Norges Mesterskap i Quadcross, der Norges beste atv/quadfører skal kåres. Når det nærmer seg blir mer info lagt ut på vår hjemmeside, elganemk.no. *E.H.*



Hå skulesjakk

På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjons- huset, rett ved jernbanen. Første spilledag etter sommaren er 27. september.

På Varhaug startar me opp med sjakk på tysdagar kl 1730-1845. Speling vil foregå i foajeen på Varhaug skule. Gutar og jenter frå 2. klasse på Varhaug som har lyst til å spele sjakk kan vere med. Første samling vert 25. september.

Kontingent er 200 kr i året, for dei som begynner etter sommaren vert det 100 kr. Desse pengane dekker medlemskap i NSFU (Norsk Sjakk Forbunds Ungdom) og deltakeravgift i BGP-turneringar.

For Vaksne har det vore tilbod om å kome til Hå kulturtorg, Vigrestad på torsdagar etter skulesjakken, frå kl 1900 til 2100. Då er det nokre gubbar som spelar, men det verkar ikkje som om det er særleg motivasjon for dette. Likevel vil me prøve nokre torsdagar etter sommaren.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



La hagen blomstre – den store hagekonkurransen

I forrige nummer av Varhaugbuen ble det gjort klar for konkurranse om å ha beste hage på Varhaug.

Hageselskapet Hå var med på notene og sørget for to kompetente dommere, de kom fra hhv Brusand og Vigrestad og er dermed å anse som nøytrale. Det var Tordis Kverme og Bjørg Ødegård.

Påmelding til konkurransen ble stort sett gjort under Varhaugmarken. En tenkte seg to klasser, men det var ingen som ville være med i klasse for verandakassehage. Det ble bare vanlige hager, 24 hager var påmeldt. Stort sett var det venner, naboer eller andre interesserte som meldte på hagen. I alt var det 24 ulike hager som var med i tevlinga om å være best hage på Varhaug.

Dommerne reiste rundt og så på hagen i flere omganger. Da klokka var blitt midt i august hadde de blinket ut 3 hager som var en klasse over de øvrige. Og da måtte det en ekstra synfaring til før vinnerne var klare.



Og da viste det seg at huseierne i en av de tre hagen ikke ville delta i konkurransen, de ønsket ingen oppmerksomhet, hagen deres var til egen glede,- ikke for ande å bry seg med.

Dermed sitter vi med 2 hager,- og siden hagen er helt på topp men i noe ulik sjanger, fant dommerne ut at de ville anbefale at disse to hagen ble premiert med halve premiepotten hver.

Vi i Varhaugbuen synes det har blitt bra oppmerksomhet rundt temaet hage, og det har vært mange flotte hager å se rundt om i bygda. Dersom din hage ikke nådde opp selv om du synes at den er verdens fineste, så kan det være at den ikke ble påmeldt. Kanskje hagekonkurransen kan gjentas et annet år? Gratulerer til dere som hadde de beste hagen: Tor Arne og Gunnvor Sundvor (på Høgjæren) og Kari og Lars Nord-Varhaug (på Reiestad).

Med hagehilsen fra Per-Arvid



Varhaug bygdeungdomslag

No er somaren over for dei fleste, og me er tilbake til kvardagen igjen. Nokon kunne kanskje tenkja seg eit par ferie veker ekstra, mens andre er utkvilte og klare for å gjera ein innsats. Me som var i styre i VBU dette året satt igjen med ein følelse av mestring og glede. Dei fleste kjennde i tillegg på at det var godt med ein pause. For uansett kor kjekt det er i BU så er for mykje av det gode for mykje!

No er me komne til September og engasjemanget er igjenn på topp hos alle i styret og me er klare for å "ta Varhaug med storm" I midten av august hadde me årsmøte, litt dårleg oppmøte der, men fleire kom etterkvart for å feira at Varhaug Bygdeungdomslag ennå består, og at me skal fortsetta å prøva å gjer ein forskjell for ungdom på byggda. Me har litt over 80 medlemmer per dags dato. Hvis me hadde klart 100 stykk til neste år hadde det varma eit etterkvart så ivrig BU hjarte!

Magnhild Aanestad rigger seg til med vogna



Atle Madland klar for konsert



Nytt styre i Varhaug BU 2012/2013

Leder: Magnhild Aanestad

Nest leder: Gunnar G. Skretting

Kasserer: Lars Aanestad

Tevling og aktivitets leder: Maren Ueland

Sekretær og info leder: Ane Eckhoff Varhaug

Dugnadsleder: Maren Kvía

Styre medlem:

Ingfrid Viland, Gøril Viland, Leif Egil Siqveland



Litt av kvart frå 4H

I juni tok med me oss kanoane og reiste til Oslandsvatnet for å ha medlemsmøte.

Oppmøtet kunne vært bedre, men me som var der kosa oss med kanopadling, bading, vannaktiviteter, grilling og pannekakeskjeva.

Mandag 20. august var første møtet etter sommarferien, då møtte 40 medlemmer på internatet for grilling, klubbaktiviteter og volleyball. Elise Marie og Lene fortalte om sitt prosjekt 4H-fotografen, før Camilla tok oss med ned i rommet vårt i kjelleren for å vise dei andre medlemmane kva ho har gjort av oppussing der i løpet av året. Etterpå fyrte me opp grillen og spela volleyball, kubbspill og litt fotball og tikken før møtet plutselig var slutt. Enkelte hadde det så kjekt at dei ville være lenger.

På onsdag skal me ha felles møte med dei andre klubbane i Hå på 4H-garden på Kvia, her skal me ha quiz, gå på



stylter, hestekokasting, popcornflytting og brusasseflytting.

Nå går det raskt mot slutten av året og prosjekta skal fullførast. Haustfesten går av stabelen fredag 19. oktober. Her skal medlemmane vise fram det dei har gjort i løpet av året. Festen skal være på Varhaug barneskule, så me er heldige som får vise oss fram for elever, lærere og andre som er innoom skulen. I år reknar me med at det er ca 45 utstillere som skal vise fram prosjekt som scrapping, hund, trearbeid, kniven min, 4H fotografen, bakeren, form og fantasi, mat med mjølk, ku og kalv, forandring fryder og aspirantmat.

Vil og nytta anledningen til å takke 2 kjekke karer, Jon Lea og Jone Bryne for den fantastiske jobben dei gjer for klubben vår når det gjeld plastinnsamlinga. Me i Svala 4H set stor pris på den jobben dei gjer.



Svala 4H:

Haustfest

Det vert haustfest
i Svala 4H
fredag 19. oktober kl.
19.00 på
Varhaug barneskule

Sett av datoen på
kalenderen allerede nå!

Då kan de blant anna
få sjå utstillinga av
alle prosjekta som
medlemmane har
arbeid med gjennom
4H-året.

Her er det mykje flott
arbeid.

Styret i Svala 4H



Mitt 4H prosjekt: Ku og kalv

I år har Andreas, Andreas, Espen, Linn og Irene hatt 4H-prosjektet ku og kalv.

Her har deilært om ku og kalv, laga mat av produkt frå kua og stelt kalvane sine. Dei fleste møtene har vi hatt på "Ånest" hjå Hans, men i juni skulle me til Håland å helse på kalven til Irene og Linn. Men me hadde ikkje før kome inn i gardsrommet på Håland før Hans ringte og sa det var kalving på gang på Ånest. Eg fekk ungane i bilen og kjørte direkte til Ånest. Me fekk ikke ikke lange tida i fjaset før ein ny kalv såg dagens lys. Ungane fekk tørka av kalven, sett han i garden og mata den med tåteflaska før me reiste tilbake til Irene. Her fekk me sjå korleis det var i fjaset, og helst på kalvane til Irene og Linn. Før me fekk vær i kontoret deira å lage milkshake. Dette var kjempegodt, å ungane storkoste seg.

I denne veka las i messeavisa til Varhaug IL, der dei spurte et utvalg av personer om kva som var den finaste plassen på Varhaug. Eirik T. Skretting syns den finaste plassen var å Håland når du ser ut over Varhaug. Eg har sett det han ser, når eg stod i fjaset hos Annette og Roy Kenneth følte eg at eg var i en reklame for melkesjokolade. Dei bur på en fantastisk fin plass på Varhaug.

I løpet av sommaren har Andreas og Andreas ligget i hardtrening med kalvane sine med det målet i sikte å delta på kalvemønstring. Søndag var dei i ilden på Jærnessa.

Gler meg til å sjå utstillingane deres på haustfesten den 19. oktober.

May Helen

Nytt frå Misjonshuset

Denne sommaren gjekk fort,- brått er det fullt kjør att.

Første hending er Misjonshusbasaren, som vert fredag 14.juni kl 1900

Andakt ved Terje Bøe, song av Yngreskoret.

Det vert bevertning og loddsal på fine gevinstar med sykkel og måleri av Odd Dubland som dei gjevaste.

Det vert og åresal på fruktkorger og blautkaker.

Utover hausten vert det møteveker, basarer og julemesser. Øvinger i kora og lovsongsgruppene finner stad 4 kvelder i veka.

Følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagte ting framover.

Det er kontortid måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

 **TIPPING**
WWW.NORSK-TIPPING.NO





BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30
Søndag 10.00 - 22.30

Allsang

Alle kjenner til "Allsang på grensen" men laurdag 22. september kl. 11.00-13.00 vert det **"Allsang på Iden"**. Kom og vær med. Sanghefte deles ut, og det er GRATIS

Swingkurs

Laurdag 22. september kl. 14.00-16.00 (like etter allsangen) vert det swingkurs med instruktørar frå Sandnes og Stavanger Swingklubb. Dette kostar kr. 100. Dette er særleg ei oppfordring til dei unge om å koma, men kanskje er det nokre vel vaksne og som vil friska opp swing kunnskapen sin litt?

Ein veteran takkar av



Kristi med krus, statuett og heidersprisen ho fekk i 2005 etter å ha teke idrettsmerket i mange år. Ikkje mange 80 åringer har ei slik samling. Dette står det respekt av!

I vår sa Kristi Husvegg "tak for seg" som leiar av trimmen på Iden. Då hadde ho halde på i mange år. Sjølv etter alvorleg hjartettrøbbel kom ho tilbake til dei som hadde trimma saman med henne tidlegare, men og for sjølv å koma i form etter sjukdommen. Nå vert Kristi 81 år, og då var det på tide at andre overtok, meinte ho.

Men trimmen levar vidare

Som sikkert fleire har fått med seg, starta trimmen opp att på Iden 22. august med Sissel Høien som instruktør.

Det er Varhaug bygdekvinnelag som har fått i stand dette samarbeidet med Sissel og Iden. Når bladet kjem ut har det vore 3 treningar, og så langt har frammøtet vore over all forventning.

Trenings dag er den same som før; onsdag kl. 10.00 i Salen på idrettsanlegget. Føler du trong for trim. Så er det berre å møta opp.



Dei gamle er fortsatt eldst.....

Kuutstillinga 2012, på Jærmessa, vart dominert av dei eldre damene med fire spenar. Ved å visa fram flotte jur og majestetiske kroppar, mange kalvingar og god haldbarhet i jurfester og kroppshaldning, knuste dei eldre kyrne ungkvigene!!!



50 nyvaska, strigla og nærast smilande kyr i mange rasar, kom spankulerande ut or dyretransporten og inn i eit flott utstillingstelt med alle fasilitetar.

Kun det beste er godt nok for ku-eliten, og utstillingskomiteen og Jærmessa-komiteen hadde gjort sitt ytterste for at både produksjonsdamene og mønstrarane deira skulle trivast.

Tørr halm, nyopna siloballe, konditorfarga spøna, Varhaug Bondelag som eigne "livvakter", knaggar til mønstrarane sitt utstyr, lydanlegg, sikringsgrindar, rognebær og korn på veggene, eigne høgtrykksvaskarar til kyr som trong eit siste strøk var nokre av ingridiensane som gjorde dette til ei svært vellykka utstilling.

Det som toppa opplevinga, både for mønstrarar, publikum og arrangørar var særskilt gode domarar. Desse gav gode og konkrete tilbakemeldingar til kvar enkelt ku, kalv og mønstrar, slik at alle visste kva dei kunne gå heim og trenar på til neste år.

Kuutstillinga vert avslutta og toppa med den høgthengjande tittelen "miss Jæren".

No famnar utstillinga heile fylket, og i år var det deltakarar frå Lista i sør til Tau i nord, så det vert berre gjevare og gjevare å vinna missetittelen. I år var det hard kamp om tittelen. Gjennom 10 år har Jersey og NRF-klassen delt missetittelen, men i år vart det Holsteinrasen som stakk av med sigeren. Ann Helen Skei, frå Klepp, si ku 766 fekk smykka seg med både blått Holstein-vinnar-band og det grøne "Miss Jæren-bandet". Kua fekk nærast topp karakterar på både kropp og jur, og vann sigeren suverent.

Bjarte Njå, som mønstra Miss Jæren, fekk utdelt flott pokal av ordførar Mons Skrettingland og kua fekk 3 sæddosar frå Holsteinforeininga!



Høgt nivå på mønstrarane!

50 mønstrarar kom til Varhaug for å tevla om 1.premiar, heider og ære. I tillegg lærte dei mykje om kva dei kunne betra.

Sundagen på Jærmessa står i mønstringa sitt teikn

"Nystrøkne" kalvar, ungar, ungdom og vaksne kom staseleg inn i ringen på Varhaug då Jærmessa gjekk av stabelen.

Ku- og kalvamønstring er tevlinga der det gjeld å presentera dyret sitt på beste måte. Mønstraren skal gå i takt med dyret, halda hovudet høgt slik at ryggen ser rett ut og dobbelthakene forsvinn!! Domaren skal kunna ha blikkontakt med mønstrarane til ei kvar tid, signal skal lyast raskt og mønstraren skal ha kontroll over dyret sitt.

Det er fantastisk å sjå kor mange som har arbeidd i vekevis for å få til gilde dyr, og her kan ein oppleva å sjå folk som har fabelaktig kontakt med kalven eller kua si. Ungar i 7 års alder

som modig baskar med store kalvar og ungdom som er blant dei flinkaste i landet til å mønstra. Det er vanskeleg å forklara, du må nesten koma og oppleva det!

Kalvamønstringa på Jærmessa har ein super kvalitet, og den danske domaren Peter Weinkauff Pedersen lyfta nivået endå høgare i år. Han hadde eit varmt smil til alle, tok seg tid til å gje råd og tilbakemeldingar til alle, anten dei var 4 eller 60 år.

Ei fin avslutning på dagen, stod nyhendinga "kumønstring for halvgamle kjerringar og gretne gubbar" for. I denne klassen må ein vera over 40 år, og det er lov å kle seg ut og laga ablegøyer. Nokre av mønstrarane stilte opp i budeiekostyme, kukostyme og gjøglarhatt 'Sjolv om det ytre ikkje var så alvorleg, tok både mønstrarar og domar det heile dønn seriøst. Her var det tøff konkurranse og morosame kommentarar, akkurat slik publikum likar det.

Kristin

Varhaug bondelag

har årsmøte torsdag
18. oktober 2012 kl.19.30 på
Lerbrekk skule.



Varhaug bygdekvinnelag

har årsmøte torsdag
27. september 2012 kl. 19.30 på
Mødeplassen (gl. Coop bygget).
I tillegg til vanlege årsmøtesaker, kjem Astrid Nordås frå Ålgård og vil syna og snakka om serviset sitt "Tidt eg minnes". Det vert høve til kjøp/bestilling, og denne kvelden gir ho 20 % avslag i prisen. Alle velkomne





8001 vinnar i NRF eldre



7996 vinnar i Jersey



Lende imponerte som minste kumønstrar



7999 vinnar i Holstein 1.kalv



7973 god kvil i tørr balm...



Inga Skretting

Kvar haust, og ganske sikkert mange fleire gonger enn det, vender Inga heim att til Varhaug. Då tek nemleg denne super-ku-interesserte dama med seg dei finaste kyrne sine til Jærnessa, for å konkurrera med resten av elitekyrne i Rogaland.

Inga er oppvaksen på Madland i Varhaug og har alltid vore interessert i dyr. Ho er i dag gift med Lars Byberg og i lag driv dei Fossan samdrift på Forsand.

Der driv dei med kyr og mjølkeproduksjon.

Eg trur ei av dei styrste interessene til Inga må vera ku og avl. Denne interessa dyrkar ho nemleg jamnt, gjennom å vera med i ein "kuklubb" som diskuterer avlspørsmål og ku. Mellom anna i lag med Varhaug sin eigen avlseksperter på NRF, Tommy K. Skretting.

At Inga veit kva ho held på med, viste ho på Jærnessa i fjor, då ho drog heim med ein klassevinnar i NRF. Enno tydelegare poengterte ho det for publikum i år, då ho mønstra beste NRF-ku, både i 1.kalvs-klassen og eldre-klassen.

Gratulerer Inga!



Stoff-frist

Neste nummer av bladet skal ut i veke 47, og stoff-fristen er 9. november.

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Sykurs



Huskar de sy kurset som Maria Aniksdal arrangerte i vår. Dette vil ho og laga til i haust, men klarte ikkje å få alt klart til bladet skulle ut. Men berre sjå etter oppslag seinare.

Bunadskurs?



Det har kome fleire spørsmål om kurs, og det skal bygdekvinnelaget prøva å få i stand. Sjå etter oppslag og annonse seinare

Coop Varhaug

Fra Mega:

All Rød og Gul Coop kaffe -40%

Nå har årets lam kommet til butikken!

Fårikålkjøtt av lam kr 69,90 pr.kg

Lammebøt i skiver kr 99,00 pr.kg

Alle våre avdelinger

har nå åpent

hverdager 8-21 og

lørdag 9-18

Velkommen innom!

Interiør/Byggmix:

Vi har fått inn mange nyheter fra Festival



VELKOMMEN TIL OSS!

**FK BUTIKKEN
VARHAUG**

**BILHENDER
GAUPEN B0620**



I tillegg kommer
registreringsomkostninger
på kr 300,-

6 895,-

3 990,-
Før 4995,-



**KOMPOST-
KVERN
GE 35**

**HEKKSÅKS
EL HSE 52**

990,-
Før 1290,-

**BESØK VÅR
NYE NETT-
SIDE!**

www.fkra.no/fkbutikk

FK Varhaug
Tlf 51 77 14 70
Åpent 8-17 (9-14)



butikk